



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, politiavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref:  
17/3895 - NNO

Vår ref:  
17/00963-2

Saksbehandlar:  
Elin Saga Kjørholt

Dato:  
9. januar 2018

### **Høyringsfråsegn - register over drap og vald med dødeleg utgang**

Viser til høyringsbrev frå departementet mottatt 11. juli 2017. Ombodet takkar for moglegheita til å kome med innspel i saka. Barneombudet har ikkje kapasitet til å vurdera enkeltheitar i forslaget, og gir eit overordna innspel med fokus på omsynet til born.

#### **Barneombodets mandat**

Barneombudet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområde. Ombodet skal særleg fylgje med på at lovgjevnad til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FN's konvensjon om barnrettane. Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for, med meir. Mandatet til Ombodet er avgrensa til barn under 18 år.

#### **Barneombudet er positive til at det opprettast eit register**

Barneombudet stiller seg positiv til at det opprettast eit register slik departementet foreslår, under føresetnad om at omsynet til beskyttelse av personvernet er ivaretatt.

#### **Barneombudet forutset at drap av born får eit særskilt fokus**

Barneombudet er skuffa over manglande fokus på drap av born. Ombodet meiner drap av born krev eit særleg fokus og bør behandlast som eit eige tema, på lik linje med partnerdrap.

Tal frå Barne- ungdoms og familiedirektoratet syner at fem prosent av alle born fortel at dei har vore utsett for grov, gjentakande vald frå foreldra før dei fyller 18 år. I tillegg kjem store mørketal. Alvorleg vald mot born har store konsekvensar for den som er utset, og er eit stort samfunnsproblem. Det er gode grunnar for at registeret skal samla inn kunnskap som kan nyttast til å forebygge alvorleg vald mot born. Folkehelseinstituttet har eit fagmiljø på området som bør involverast i arbeidet med denne delen av registeret.

#### **Born som tar liv**

Barneombudet er uroa for at vi i Noreg den siste tida har sett fleire born som drep. Bekymringa er særleg stor der desse borna har vore under offentleg omsorg. Vi meiner det bør gjerast undersøkingar for å finne ut meir om desse sakene. For å avhjelpa framtidig forskning ber ombodet om at det blir føretatt ei nærmare utgreiing om også saker der born drep kan omfattast av registeret.

Venleg helsing

Anne Lindboe  
barneombod

Elin Saga Kjørholt  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.